

HALVÅRSRAPPORT 2014

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS



SFE

RESULTATREKNESKAP

SOGN OG FJORDANE ENERGI - KONSERN

Konsern				
Note	1.halvår 2014	1.halvår 2013	Årsrekneskap 2013	
Driftsinntekter:				
Sal av kraft	1,2	362 324	459 967	971 088
Sal av overføringstenester	1	141 600	147 650	294 210
Andre driftsinntekter	1	27 247	21 176	49 694
Salsvinst Leirdøla	1,5	512 648	0	0
SUM DRIFTSINTEKTER		1 043 819	628 793	1 314 992
Driftskostnader:				
Kjøp av kraft	1	148 626	228 235	427 823
Kjøp av overføringstenester	1	28 047	15 148	45 484
Andre driftskostnader	1	175 067	175 436	347 804
Avskrivningar	1	64 097	63 003	135 685
Nedskrivningar	1,5	205 990	0	0
SUM DRIFTSKOSTNADER		621 827	481 822	956 795
DRIFTSRESULTAT		421 991	146 971	358 197
Finansielle poster:				
Resultat frå investering i tilknytta	2	-418	0	3 416
Finansinntekter		6 007	8 898	15 075
Finanskostnader	2	53 982	56 743	129 524
NETTO FINANSKOSTNADER		48 393	47 845	111 034
RESULTAT FØR SKATT		373 598	99 126	247 163
Overskotsskatt		11 263	28 088	79 051
Grunnrenteskatt		19 429	33 226	76 190
RESULTAT ETTER SKATT		342 905	37 811	91 922
Av dette minoritetsandel		-92 103	-2 051	-7 514
Av dette SFE sin andel		435 008	39 862	99 436

OPPSTILLING SUM INNREKNA KOSTNADER OG INNTEKTER SFE-KONSERN

Beløp i 1.000 kr.	30.06.2014	30.06.2013	31.12.2013
Ordinært resultat etter skatt	342 905	37 811	91 922
<u>Poster som seinare kan klassifiserast til resultat:</u>			
Kontantstrømsikring rentebytteavtaler	-3 920	-142	446
<u>Poster som seinare ikkje kan reklassifiserast over resultat:</u>			
Estimatawik pensjoner			110 421
Sum innrekna inntekter og kostnader for perioden	338 985	37 669	202 789
Av dette minoritetsandel	-92 103	-2 051	-7 514
Av dette SFE sin andel	431 088	39 720	210 303

KONSERNBALANSE 30.06.2014

SOGN OG FJORDANE ENERGI

Beløp i 1000 kr.

Konsern

EIGEDELAR	Note	30.06.14	30.06.13	31.12.13
Fallrett	5	1 789 889	1 366 224	1 365 680
Øvrige immaterielle eigendelar	5	703 713	1 034 985	1 019 065
Varige driftsmidler	5	2 494 845	2 160 111	2 247 656
Varige driftsmidler, holdt for sal	5	0	101 667	97 053
Finansielle anleggsmidler og derivat	2	140 502	146 107	138 443
Anleggsmidler		5 128 949	4 809 094	4 867 898
Varelager		12 623	13 142	12 521
Fordringar		370 818	129 007	149 914
Finansielle plasseringar og derivat	2	41 194	58 195	67 907
Kontanter og bankinnskot		115 606	203 788	175 440
Omlaupsmidler		540 241	404 132	405 782
SUM EIGEDELAR		5 669 190	5 213 226	5 273 680

GJELD OG EIGENKAPITAL

Innskoten egenkapital		799 199	799 199	799 199
Opptent egenkapital		849 412	290 902	459 291
Minoritetsinteressar		686 777	213 820	536 880
Eigenkapital		2 335 388	1 303 921	1 795 370
Forpliktingar		1 031 051	1 136 317	1 071 917
Obligasjonslån, banklån, eigarlån	2,3	1 697 754	2 008 200	1 692 248
Derivat	2	43 943	43 091	39 248
Langsiktig gjeld		2 772 748	3 187 608	2 803 413
Rentebærande kortsiktig gjeld		417 081	517 081	417 081
Betalbar skatt		46 937	74 948	147 630
Anna rentefri gjeld og derivat	2	97 034	129 669	110 186
Kortsiktig gjeld		561 053	721 698	674 897
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL		5 669 190	5 213 226	5 273 680

OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE-KONSERN

	Innskutt eigenkapital	Anna Eigenkapital	Akkumulert omrekningsdiff	Kontant strøm sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigen- kapital
Saldo pr. 01.01.2013	799 199	308 871			308 871	215 871	1 323 941
Årets resultat		39 862			39 862	-2 051	37 811
Innrekna inntekter og kostnader for 2013				-142	-142		-142
Utbetalt utbytte 2013		-57 690			-57 690		-57 690
Saldo pr. 30.06.2013	799 199	291 043	0	-142	290 901	213 820	1 303 921
Årets resultat		99 436			99 436	-7 514	91 922
Innrekna inntekter og kostnader for 2013		110 421		446	110 867		110 867
Utbetalt utbytte 2013		-57 690			-57 690		-57 690
Innskot av kapital i dotterselskap					0	326 332	326 332
Anna endring		-2 192			-2 192	2 192	0
Saldo pr. 31.12.2013	799 199	458 845	0	446	459 291	536 880	1 795 370
Årets resultat		435 008			435 008	-92 103	342 905
Innrekna inntekter og kostnader for 2014				-3 920	-3 920		-3 920
Korrigerings feil tidligere år		-40 967			-40 967		-40 967
Innskot av kapital i dotterselskap					0	242 000	242 000
Saldo pr. 30.06.2014	799 199	852 886	0	-3 474	849 412	686 777	2 335 388

Kontantstraumanalyse

Sogn og Fjordane Energi AS

Konsern

Beløp i 1000 kr.

Kontantstrøm fra driftsaktiviteter:	30.06.14	30.06.13	2013
Ordinært resultat før skattekostnad	373 596	99 126	247 161
Betalte skattar i perioden	-144 587	-122 072	-108 570
Avskrivningar	64 097	63 003	123 746
Nedskrivningar	205 990	0	11 939
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	-512 648	0	7 892
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå invest i tilknytt selskap utan kontanteff	2 837	-279	-3 416
Verdiendring energi- og rentekontrakter	-5 729	20 643	2 905
Endring i beholdning av driftsmateriell	-102	-52	568
Nedskrivning av aksjar	3 400	800	9 707
Endring i kundefordringar	37 920	81 355	69 938
Endring i leverandørgjeld	26 511	10 565	-8 237
Endring i kortsiktige finansielle plasseringar	0	-1 358	-5 894
Endring i pensjonsforpliktingar	1 664	3 874	23 851
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-274 573	-113 157	-61 323
Netto kontantstrøm frå driftsaktiviteter	-221 624	42 448	310 268
Kontantstrøm frå investeringsaktiviteter:			
Utbetalningar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-682 351	-97 506	-243 338
Innbetalningar ved sal av varige driftsmidler	604 852	482	1 780
Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	0	0	100
Utbetalningar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	-10 451	-71	-1 145
Utbetaling ved utlån	0	-1 000	-1 000
Innbetaling frå utlån	0	0	1 030
Netto kontantstrøm frå investeringsaktiviteter	-87 950	-98 095	-242 573
Kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter:			
Innbetalningar ved opptak av ny langsiktig gjeld	150 000	300 000	400 000
Innbetaling eigenkapital	242 000	0	326 331
Innbetaling kontantar ved oppkjøp av foretak	7 740	0	0
Utbetalningar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-150 000	-106 600	-526 931
Innbetaling ved opptak av ny kortsiktig gjeld	200 000	450 000	650 000
Utbetaling ved reduksjon av kortsiktig gjeld	-200 000	-550 000	-850 000
Utbetaling av utbytte	0	0	-57 690
Netto kontantstrøm frå finansieringsaktiviteter	249 740	93 400	-58 290
Netto endring i kontantar og ekvivalentar	-59 834	37 752	9 405
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	175 440	166 036	166 036
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	115 606	203 788	175 441



Halvårsrapport 2014

Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) oppnådde eit resultat etter skatt i første halvår i 2014 på 343 mill. kr. Resultatet er sterkt påverka av ein salsgevinst på 513 mill. kr frå sal av SFE sin medeigardel på 35% i Leirdøla kraftverk til Statkraft og nedskriving på 200 mill. kr på kraftverk kjøpt av Svelgen Kraft Holding i 2010 frå Elkem. Den underliggende drifta, sett bort frå salsgevinst og nedskriving, har gitt eit resultat etter skatt på 22 mill. kr. Dette er svakare enn 1. halvår i fjor og hovudgrunnen er lågare kraftprisar. SFE har for dei komande åra planar om å investere årleg 150-200 mill. kr kvart år for å forsterke kraftnettet og har i tillegg konsesjon på mellom anna kraftutbygging i Østerbø. Dette er første gong SFE avlegg rekneskap etter IFRS-prinsippa. Grunnen til omlegginga til IFRS er ønsket om å kunne henvende seg til ei breiare investorgruppe når SFE legg ut obligasjonslån.

Konsernet

Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde dotterselskapa SFE Kraft AS, SFE Produksjon AS, Firdakraft AS og SFE Nett AS. Dotterselskapa Svelgen Kraft Holding AS, Svelgen Kraft AS, Vestavind Kraft AS og Lutelandet Energipark AS som er eigd 56% av SFE Produksjon AS, og Bremangerlandet Vindpark AS eigd 64%, inngår også som ein del av SFE-konsernet. Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Etrygg AS og Eninvest AS er tilknytta selskap til konsernet.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane fylkeskommune:	48,2 %
BKK:	38,5 %
7 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,3 %

Rekneskap etter IFRS

Dette er SFE si første rapportering etter IFRS-reglane. Bakgrunnen til omlegging av rekneskapsmessig rapportering frå norske reglar (NGAAP) til IFRS-reglane er ønsket om å auke attraktiviteten til SFE sine obligasjonslån hos investorane. Ved å legge låna ut på Oslo Børs sin hovudmarknad vert SFE sine obligasjonslån endå meir attraktive for investorane enn det dei er i dag. SFE har oppnådd gode vilkår på obligasjonslån lagt ut

på ABM (Alternative Bond Market) og har aldri hatt problem med å skaffe den ønska finansieringa. Vi ser likevel at med SFE si investeringsportefølje og endringane i rammevilkår for liv-/pensjonsselskap og banknæringa vil ei børsnotering av SFE sine lån gjere låna våre endå meir attraktive for investormiljøet.

Bytehandel med Statkraft

Statkraft og SFE/Svelgen Kraft inngjekk september 2013 ei avtale om at SFE skulle selje sin 35% eigarandel i Leirdøla kraftverk samstundes som Svelgen Kraft skulle kjøpe kraftverka Svelgen I og II frå Statkraft. Svelgen Kraft er eigd 56% av SFE Produksjon, 34% av Tafjord Kraftproduksjon og 10% av Sognekraft. Transaksjonen var mellom anna avhengig av ervervskonsesjon frå Olje- og Energidepartementet. Denne fekk Svelgen Kraft 20. juni 2014 og transaksjonen vart gjennomført 30. juni 2014. SFE Produksjon selde sin 35% medeigarandel i Leirdøla kraftverk for 613 mill. kr medan Svelgen Kraft betalte 532 mill. kr til Statkraft for kraftverka Svelgen I og II.

Salet av medeigarandelen i Leirdøla gir ein rekneskapsmessig salsgevinst på 513 mill. kr. Sidan salet er gjennomført til skattemessig kontinuitet vert det ikkje berekna skatt på gevinsten. Svelgen Kraft har finansiert kjøpet av Svelgen I og II 100% med eigenkapital. Minoritetsaksjonærane Tafjord Kraftproduksjon og Sognekraft har tilført 242 mill. kr som aukar posten minoritetsinteresser under eigenkapitalen i SFE-konsernet.

Nedskriving av kraftstasjonar

SFE, Tafjord og Sognekraft inngjekk gjennom selskapet Svelgen Kraft Holding AS i 2009 avtale med Elkem om kjøp av kraftstasjonar i Svelgen for ca 1.700 mill. kr. Kjøpet vart gjennomført 01.01.2010. Gjennom dette kjøpet sikra offentlege Vestlandsinteresser seg eigarskapen til kraftverka Svelgen III og IV som er ein viktig del av kraftproduksjonen i SFE sitt område. Dette var eit kjøp som var viktig og strategisk rett for SFE. Gjennom kjøpet av Svelgen I og II i 1. halvår 2014 har Svelgen Kraft Holding auka investeringa og sikra seg eigarskapen til heile kraftproduksjonen i Svelgen.

Sidan 2010 har næringa opplevd at kraftprisane er relativt kraftig redusert. Systemprisen sidan 2010 har utvikla seg slik:

2010	42,5 øre/kWh
2011	36,7 øre/kWh
2012	23,4 øre/kWh
2013	29,7 øre/kWh
1. halvår 2014	23,2 øre/kWh

Endå viktigare er det at forventingane knytt til framtidige kraftprisar har endra seg mykje. I 2009 såg ein for seg vedvarande høge kraftprisar mange år fram i tid.

Endringar i energipolitikken og nedgangstider i Europa kombinert med den norsk/svenske elsertifikatmarknaden som fører til auka energiproduksjon i Norden gjer at utsiktene til høge kraftprisar framover er langt dårlegare enn i 2009. På grunn av dette finn SFE det rett å gjere ei nedskriving på kraftverka Svelgen III og IV med 200 mill. kr.

1. halvår 2014

Rekneskapen for 1. halvår 2014 viser eit overskot for SFE-konsernet på 343 (38) mill. kr etter skatt. (Tal for 1. halvår 2013 i parentes. Dette er samanlikningstal omarbeid til IFRS)

Gjennomsnittleg systempris 1. halvår var 23,2 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg systempris 1. halvår i fjor 30,3 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 1.013 GWh (843 GWh). På trass av høgare produksjon har reduserte kraftprisar ført til reduserte inntekter frå kraftproduksjonen med 21 mill. kr i forhold til 1. halvår ifjor. Driftsresultatet frå området, eksklusiv salsgevinst og nedskriving er redusert med 36 mill. kr frå 117 mill. kr i fjor til 81 mill. kr i år.

Transportert mengde i nettet var 361 GWh, dette er ein reduksjon på 8,8% frå 396 GWh i fjor hovudsakleg pga ein mild vinter. Overføringsinntektene er redusert pga dette. Selt kraftmengde til kundar i sluttbrukarmarknaden var 568 GWh. Dette er ein reduksjon på 142 GWh samanlikna med i fjor. Grunnen til den kraftige nedgangen er mindre kraftforbruk pga høgare temperaturar enn i fjor, samt ein reduksjon i store næringskundar. Konkurransesituasjonen i marknaden og ei langsiktig strategisk endring frå SFE har ført til ein nedgang i volumet levert til denne kundegruppa.

Nettverksemda i konsernet har eit driftsresultat 1. halvår på 23 mill. kr. Dette er ein reduksjon frå 2013 då vi hadde eit driftsresultat på 30 mill. kr på området. Resultatet for

2014 ligg heller i underkant av det ein kan forvente med SFE sin samla nettkapital på ca 900 mill. kr.

HMS

SFE har eit relativt lågt sjukefråvær. Pr. 01.07.2014 er dette 2,64%. Målsettinga for 2014 er eit fråvær under 3%. Fråværet bekreftar våre organisasjonsmålingar i høve til at tilsette trivast og har eit godt og engasjerande arbeidsmiljø rundt seg. Sjølv om vi har eit lågt sjukefråvær har SFE for høgt antal personskader. H1-talet (antal fråværs-skadar pr 1 million arbeidstimar) på 15 er høgt og ligg over snittet til energibransjen. Dette er urovekkande når ein no er inne i ein hektisk periode med nybygging og rehabilitering. Styret er ikkje nøgd med utviklinga i skadestatistikken. Det er difor sett i verk eit ekstraordinært HMS-prosjekt for å redusere talet skader. Målsettinga er null skader i arbeid. Vi har også mål om å auke innrapportering av avvik nestenulukker. For å lukkast må vi sikre den daglege dialogen om HMS, og at denne er ein naturleg del av alle våre aktivitar.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 1.044 (629) mill. kr. Av dette utgjør salsgevinsten frå Leirdøla kraftverk 513 mill. kr slik at driftsinntektene eksklusiv salsgevinsten er 531 mill. kr. Grunnen til reduksjonen frå fjoråret er lågare kraftinntekter pga redusert kraftpris. Driftsresultatet vart 422 (147) mill. kr. Eksklusiv salsgevinst og nedskrivning er driftsresultatet 115 mill. kr. Dette er ei svekking frå fjoråret og skuldast svekka driftsresultat frå både nettaktivitet og kraftproduksjon. Resultatet før skatt er 374 (99) mill. kr etter at netto finanskostnader på 48 (48) mill. kr er belasta resultatet. Resultatet etter skatt er på 343 (38) mill. kr. Sett bort frå salsgevinst, nedskrivning og utsett skattverknader av desse postane ville resultatet vore 22 mill. kr. Det er ein reduksjon på 16 mill. kr frå 2013. Det er belasta 11 (28) mill. kr. i overskotsskatt og 19 (28) mill. kr. i grunnrenteskatt.

Driftsaktivitetar viser stor negativ kontantstraum. Dette har samanheng med endring i tidsavgrensingspostar der fordring på eigenkapital frå minoritetsaksjonærar på 242 mill. kr fører til negativ kontantstraum frå drift.

For SFE konsernet har bytehandelen Svelgen/Leirdøla kombinert med kapitaltilførsel i underkonsernet Svelgen Kraft styrka likviditeten med i størrelsesorden 300 MNOK.

Balanse

SFE har investert 682 mill. kr i fysiske driftsmiddel i siste halvår. Av dette er 130 mill. kr investeringar i nettanlegg og 507 mill. kr kjøp av kraftverka Svelgen I og II. SFE investerer årleg ca 150-200 mill. kr i forsterking og utviding av linenettet. SFE sin totalbalanse 30.06.14 er på 5.669 mill. kr. Konsernet har omlaupsmidlar på 540 mill. kr og 5.129 mill. kr i anleggsmidlar.

Renteberande gjeld er 2.115 mill. kr, dette er ein reduksjon frå 2.525 mill. kr for eit år sidan.

Eigenkapitalen pr 30.06.14 er 2.335 mill. kr, det tilsvarer ein bokført eigenkapitaldel på 41%.


Framtidsutsikter

SFE ventar store investeringar dei komande åra i nødvendig nettutbygging og investeringar i vasskraftanlegg. Bytehandelen Svelgen/Leirdøla gjer SFE betre rusta til å gjennomføre desse investeringsplanane.


SFE reknar med å produsere om lag 2.000 GWh på årsbasis. Med den store salsgevinsten i 1. halvår ventar SFE eit resultat for 2014 som vil vere det beste i selskapet si historie. Utvikling i kraftprisen vil ha mykje å bety for resultatet i 2. halvår. På grunn av bygging av ny sentralnettsline er delar av eksisterande nett utkopla hausten 2014. Dette kan føre til at delar av SFE sin kraftproduksjon ikkje får nettilgang dersom det vert ein haust med store tilsig. Det er derfor vesentleg at det vert fortgang i arbeidet med sentralnettslina og at denne perioden ikkje vert for lang.


Styret i Sogn og Fjordane Energi AS


Sandane, 27. august 2014


Per Atle Kjøllesdal
-styreleiar-


Birger C. Schønberg
-nestleiar-


Arvid Lillehaug
-styremedlem-



Olin Johanne Henden
-styremedlem-


Kristin Linnerud
-styremedlem-

Bengt Solheim Olsen
-styremedlem-


Oddmund Årdal
-styremedlem-

Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-


Geir Magne Enebø
-styremedlem-


Terje Gjengedal
-konsernsjef-

Rekneskapsnotar til halvårsrekneskapen 30.06.2014

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapet for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2014 er avslutta pr. 30.06.2014 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapet omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med dotterselskap og tilknytta selskap. Halvårsrekneskapet er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering.

Delårsrekneskapet er SFE si første rapportering etter IFRS. Vi viser til dokumentet «Overgang til IFRS» som er tilgjengelig på SFE sine heimesider <http://www.sfe.no/> for nærare omtale av dei rekneskapsmessige effektane ved overgang frå rapportering etter god rekneskapskikk i Noreg (NGAAP) til rapportering etter IFRS.

Delårsrekneskapet gir ikkje informasjon i same omfang som årsrekneskapet og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2013, men med viten om at årsrekneskapet for 2013 er avlagt etter god rekneskapskikk i Noreg (NGAAP) og delårsrekneskapet er avlagt etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS). Ved utarbeiding av halvårsrekneskapet for 2014 har leiinga utøvd skjønns og nytta estimat og føresetnader som grunnlag for rekneskapspostar. Dei prinsipp som er lagt til grunn og metode for utarbeiding av estimat, er i samsvar med IFRS.

Konsernrekneskapet for 1.halvår 2014 har vore gjennom ein forenkla revisor kontroll.

Følgjande nye og reviderte standardar er pliktige frå og med rekneskapsåret 2014:

IAS 32 Finansielle instrument: Presentasjonen er endra for å klargjere innhaldet i «currently has a legally enforceable right to set-off» og for å klargjere bruken av IAS 32 sine kriterierei for motrekning som til dømes clearing-house-system som bruker mekanismar for brutto-oppgjer som ikkje skjer samtidig (simultaneously).

IAS 36 Verdifall på eigedelar: Det er endra opplysningskrav for rapporteringsperiodar der nedskrivning er gjort eller reversert og gjennvinnbart beløp er verkeleg verdi redusert med salsutgifter.

IFRS 10 Konsernrekneskap: Standarden omhandlar definisjon av dotterselskap og legg i større grad vekt på faktisk kontroll enn etter tidlige reglar. Implementeringa har ikkje medført endringar i SFE sitt rekneskap.

IFRS 11 Felles ordningar: Standarden regulerer rekneskapsføringa av verksemdar der ei verksemd har felles kontroll saman med andre investorar. Felles drift skal etter den nye standarden innarbeidast etter ein metode lik bruttometoden. Avtala mellom deltakarane som omtaler den enkelte sine rettar og forplikingar i den felles drifta vil avgjere korleis ein skal rekneskapsføre ein eigardel i felles drift. Alle einingar som oppfyller definisjonen av felles verksemd skal rekneskapsførast i samsvar med eigenkapitalmetoden. Implementeringa av standarden har ikkje medført endringar for SFE.

IFRS 12 Opplysningar om interesser i andre føretak: Standarden stiller krav til noteopplysningar om investeringar i dotterselskap, tilknytt selskap og felles kontrollerte føretak. Formålet er å gje informasjon om eigenskaper og risiko knytt til konsernet sine investeringar i slike selskap og kva effektar desse har på konsernet sin balanse.

Note 1 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapet vert avlagt etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegmenter i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene. Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemd er organisert i ulike dotterselskap som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på selskap og på segment.

Kraftproduksjon omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Vestavind Kraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS, Lutelandet Energipark AS, Svelgen Kraft AS og Svelgen Kraft Holding AS. Svelgen Kraft og Svelgen Kraft Holding er eigd med 56 % av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. 27. mai kjøpte Svelgen Kraft Holding AS 100 % av aksjane i Vestavind Kraft AS. Frå same dato inngår Vestavind Kraft AS og dotterselskapa Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS i segmentet kraftproduksjon. Segmentet kraftproduksjon omfattar forvaltning av konsernet sin samla produksjonsportefølgje frå heileigde, deleigde og leigde kraftverk med fysisk og finansiell krafthandel via den nordiske kraftbørsen Nasdaq OMX Commodities. Segmentet omfattar også mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemd innanfor definerte rammer, samt sal av opprinnelsesgarantiar.

Monopol er overføring og distribusjon av elkraft og er hovudverksemda i SFE Nett AS. SFE Nett driv elles utleige av fiber og noko entreprenørarbeid. Utleige av fiber og entreprenørarbeid inngår i øvrig verksemd.

Sluttbruk er sal av kraft og forvaltning av større sluttbrukarar sitt kraftbehov og er organisert i SFE Kraft AS.

Øvrig verksemd er utleige av fiber og entreprenørarbeid som er organisert i SFE Nett AS og tenesteyting internt som er organisert i mor-selskapet Sogn og Fjordane Energi AS.

Kolonna for eliminering viser eliminering av interne transaksjonar mellom dotterselskap og eliminering ved konsolidering av dotterselskap i konsern.

SEGMENTRESULTAT 30.06.2014

(Tal i 1000 kr)	Kraft- produksjon	Monopol	Sluttbruk	Øvrig Verksemnd	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:						
Sal av kraft	358 683	0	151 715	0	-148 074	362 324
Sal av overføringstenester	0	164 830	0	0	-23 230	141 600
Andre driftsinntekter	12 820	8 227	5 430	44 606	-43 836	27 247
Salsvinst Leirdøla	512 648					512 648
SUM DRIFTSINNTEKTER	884 151	173 057	157 145	44 606	-215 140	1 043 819
Driftskostnader:						
Kjøp av kraft	148 626	10 919	138 134	0	-149 054	148 625
Kjøp av overføringstenester	20 868	29 429	0	0	-22 250	28 047
Andre driftskostnader	87 896	80 740	14 951	35 317	-43 836	175 068
Avskrivningar	32 793	26 571	261	4 474	0	64 097
Nedskrivningar	203 498	2 492				205 990
SUM DRIFTSKOSTNADER	493 681	150 151	153 346	39 791	-215 140	621 827
DRIFTSRESULTAT	390 470	22 906	3 799	4 815	0	421 991

SEGMENTRESULTAT 30.06.2013

(Tal i 1000 kr)	Kraft- produksjon	Monopol	Sluttbruk	Øvrig Verksemnd	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:						
Sal av kraft	459 819	0	243 869	0	-243 721	459 967
Sal av overføringstenester	0	161 897	0	0	-14 247	147 650
Andre driftsinntekter	8 026	6 050	4 566	40 615	-38 081	21 176
SUM DRIFTSINNTEKTER	467 845	167 947	248 435	40 615	-296 049	628 793
Driftskostnader:						
Kjøp av kraft	228 234	13 638	231 591	0	-245 229	228 234
Kjøp av overføringstenester	4 361	23 761	0	0	-12 974	15 148
Andre driftskostnader	85 482	75 101	12 180	40 522	-37 846	175 439
Avskrivningar	33 156	25 663	38	4 145	0	63 002
SUM DRIFTSKOSTNADER	351 233	138 163	243 809	44 667	-296 049	481 823
DRIFTSRESULTAT	116 612	29 784	4 626	-4 052	0	146 971

SEGMENTRESULTAT 31.12.2013

(Tal i 1000 kr)	Kraft- produksjon	Monopol	Sluttbruk	Øvrig Verksemnd	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter:						
Sal av kraft	966 859	2 153	414 617	0	-412 542	971 087
Sal av overføringstenester	28	313 765	0	0	-19 583	294 210
Andre driftsinntekter	19 301	17 783	9 123	79 988	-76 501	49 694
SUM DRIFTSINNTEKTER	986 188	333 701	423 740	79 988	-508 626	1 314 991
Driftskostnader:						
Kjøp av kraft	424 869	23 029	394 571	0	-414 646	427 823
Kjøp av overføringstenester	29 591	35 476	0	0	-19 583	45 484
Andre driftskostnader	172 150	155 989	23 968	70 058	-74 397	347 768
Avskrivningar	65 352	49 988	330	8 113	0	123 783
Nedskrivningar	11 939	0	0	0	0	11 939
SUM DRIFTSKOSTNADER	703 901	264 482	418 869	78 171	-508 626	956 796
DRIFTSRESULTAT	282 288	69 220	4 871	1 817	0	358 197

Note 2 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

(Tal i 1000 kr)	30.06.2014	30.06.2013	2013
Sal av kraft , herav urealiserte verdiendringar kraftkontrakter	-4 246	12 487	13 896
Finansinntekter , herav inntekt på investering i tilknytt selskap	29	424	507
Finanskostnader , herav urealiserte verdiendringar på rentekontrakter	2 462	-2 659	-1 741

Vurdering av verkeleg verdi:

Nivå 1: Notert pris i ein aktiv marknad for ein identisk egedel eller forplikting.

Nivå 2: Verdsetting etter andre observerbare faktorar enten direkte (pris) eller indirekte (utleda av prisar) enn notert pris for egedelen eller forpliktinga.

Nivå 3: Verdsetting etter faktorar som ikkje er henta frå observerbare marknader (ikkje observerbare føresetnader).

Eigedelar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	414	32 899		33 313
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon				-
Aksjar			72 128	72 128
Rentebytteavtaler - heldt for sal				-
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring				-
Rentebytteavtaler - verdisikring		9 885		9 885
Sum finansielle eigedelar til verkeleg verdi 30.06.2014	414	42 784	72 128	115 326

Forpliktingar	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	SUM
Finansielle kraftkontrakter - heldt for sal	1 863	6 980		8 843
Finansielle kraftkontrakter - kundar sin posisjon	28 689			28 689
Frikraftforpliktingar			14 218	14 218
Virkelig verdi obligasjonsgjeld		9 885		9 885
Rentebytteavtaler - heldt for sal		12 951		12 951
Rentebytteavtaler - kontantstrømsikring		12 703		12 703
Rentebytteavtaler - verdisikring				-
Sum finansielle forpliktingar til verkeleg verdi 30.06.2014	30 552	42 519	14 218	87 289

Note 3 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2014

Nye sertifikat-/obligasjonslån som er utstedt i perioden:

Børsticker (ABM)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (mill kr)
SFEN35 PRO	NO0010701170	21.01.14	21.07.16	150
SFEN36 PRO	NO0010703796	11.02.14	11.02.15	100
(ikkje børsnotert)	NO0010712821	30.05.14	30.06.14	100

Innfridde sertifikat-/obligasjonslån i perioden:

Børsticker (ABM)	ISIN	Utstedt	Forfall	Pålydende (mill kr)
SFEN28 PRO	NO0010646193	14.05.12	21.01.14	150
SFEN31 PRO	NO0010671969	11.02.13	11.02.14	100
(ikkje børsnotert)	NO0010712821	30.05.14	30.06.14	100

Note 4 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risiki gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risiki. Døme på operasjonelle risiki er skade på egedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på egedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigeidom i samband med t.d. brann, flom eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risiki som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikiforholda. For ytterleggare informasjon om risikiforhold SFE er utsett for viser vi til note 15 i årsrekneskapen for 2013.

Note 5 Vesentlege postar

20.06.2014 fekk SFE tillating til erverv av fallrettar som vert nytta i kraftverka Svelgen I og II i Svelgenvassdraget og Hjelmevassdraget i Bremanger kommune. Det var ei føresetnad for gjennomføring av ei byteavtale av 03.09.2013 mellom Statkraft Energi og SFE der Statkraft Energi sel kraftverka Svelgen I og II til Svelgen Kraft, som SFE eig indirekte 56 % av, medan SFE sel sin medeigarrett i Leirdøla kraftverk til Statkraft Energi. Statkraft Energi oppnår såleis å motta 100 % av dei framtidige inntektene frå kraftverket når medeigarretten vert overtatt gjennom denne byttehandelen. I byttehandelen er eigardelen på Leirdøla kraftverk verdsett til 613 MNOK medan Svelgen I og II er verdsett til 532 MNOK. Handelen vil soleis medføre ei overføring av eit nettobeløp til SFE på 81 MNOK i tillegg til endring av eigeidomsretten til dei aktuelle kraftverka. Byttehandelen vart gjennomført 30.06.2014 og inngår dermed i SFE sitt halvårsrekneskap for 2014. Transaksjonen medfører at det 30.06.2014 er bokført ein salsgevinst på 519,5 MNOK etter skatt for Leirdøla og ein kostnad på 18,250 MNOK etter skatt som følgje av terminering av ei kraftleveringsavtale mellom Svelgen Kraft og Elkem AS.

For SFE konsernet har byttehandelen kombinert med kapitaltilførsel i underkonsernet Svelgen Kraft styrka likviditeten med i størrelsesorden 300 MNOK.

Det er rekneskapsført nedskrivning av teknisk goodwill knytt til kraftstasjonane Svelgen III og Svelgen IV, samt av balanseført erstatningskraft med til saman 198,650 mill. kr etter skatt. Bruksverdi er lagt til grunn ved vurderinga, saman med forventta prisbaner og produksjon for dei komande åra, slik det er vurdert av leiinga. WACC er fastsatt ut frå kapitalverdimodellen og i 2014 er det nytta eit avkastningskrav på 8,5 % før skatt. Nedskrivinga er gjort fordi gjenvinnbart beløp for egedelane er lågare enn bokført verdi.

27. mai kjøpte Svelgen Kraft Holding AS 100 % av aksjane i Vestavind Kraft AS. Kostpris for 100 % av aksjane var 15,0 MNOK. Frå same dato inngår Vestavind Kraft AS i segmentet kraftproduksjon då SFE eig 56 % av Svelgen Kraft Holding AS indirekte via SFE Produksjon AS. Inntil 27.mai var Vestavind Kraft AS eit tilknytt selskap i SFE-konsernet då SFE gjennom SFE Produksjon AS eigde 35 % av selskapet.

Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2014 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Konsernrekneskapen for 1. halvår 2014 for Sogn og Fjordane Energi AS er avlagt i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards).


Etter vår beste overtyding:

- er rekneskapen for 1. halvår 2014 for konsernet utarbeida i samsvar med gjeldande lover og rekneskapsstandardar
- gir opplysningar i rekneskapen ein rettvise og heilskapleg oversikt over konsernet sine egedelar, gjeld og finansielle stilling og resultat per 30.06.2014
- gir rekneskapen for 1. halvår 2014 ein rettvise oversikt over
 - utviklinga, resultatet og stillinga til konsernet
 - dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 27.08.2014


Per Atle Kjøllesdal
- styreleiar -


Birger Schønberg
- nestleiar -


Kristin Linnerud


Bengt Solheim-Olsen


Arvid Lillehaug


Olin Johanne Henden


Oddmund Årdal


Geir Magne Evebø

Kjell Asle Bakkebo


Terje Gjengedal
- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjordane Energi AS

UTTALELSE VEDRØRENDE FORENKLET REVISORKONTROLL AV DELÅRSREGNSKAP

Vi har foretatt en forenklet revisorkontroll av den konsoliderte balansen for Sogn og Fjordane Energi AS per 30. juni 2014, og tilhørende konsolidert resultatregnskap, oppstilling sum innregnede kostnader og inntekter, oppstilling over endringer i egenkapital, kontantstrømmoppstilling for seks månedersperioden avsluttet denne dato og utvalgte forklarende noter. Ledelsen er ansvarlig for utarbeidelsen og fremstillingen av delårsregnskapet i samsvar med International Accounting Standard 34 «Interim Financial Reporting» som fastsatt av EU. Vår oppgave er å avggi en uttalelse om delårsregnskapet basert på vår forenklete revisorkontroll.


Omfanget av den forenklete revisorkontrollen

Vi har utført vårt arbeid i samsvar med den internasjonale standarden for forenklet revisorkontroll 2410 «Forenklet revisorkontroll av delårsregnskaper, utført av foretakets valgte revisor.» En forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap består i å rette forespørsler, primært til personer med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlinger. En forenklet revisorkontroll har et betydelig mindre omfang enn en revisjon utført i samsvar med International Standards on Auditing, og gjør oss følgelig ikke i stand til å oppnå sikkerhet om at vi er blitt oppmerksom på alle vesentlige forhold som kunne blitt avdekket i en revisjon. Vi avgir derfor ikke revisjonsberetning.

Konklusjon

Vi har ved vår forenklete revisorkontroll ikke blitt oppmerksom på forhold som gir oss grunn til å tro at delårsregnskapet for konsernet i det alt vesentlige ikke er utarbeidet i samsvar med International Accounting Standard 34 «Interim Financial Reporting» som fastsatt av EU.

Florø, 27. august 2014
Deloitte AS



Rune Norstrand Olsen
statsautorisert revisor